

## **Nynorsk og kreativ skriving**

Marit Brekke, rådgjevar ved Nynorsksenteret.

### **Å lære språk krev ulike tilnærmingar.**

Nynorskundervisninga har ofte vorte assosiert med grammatikk-pugg og instrumentell læring, men forskning viser at for ein-sidedig fokus på grammatikk verken gir elevane lyst til å lære, eller gir gode resultat for språkutviklinga deira. Grammatikken må setjast inn i faglege samanhengar som kjennest relevante for elevane, og språk må gjerast levande gjennom jamne drypp der ein les og skriv språket over tid. Vi trur at kreativ skriving kan vere ein fin innfallsvinkel til å kunne utforske nynorsk for elevane.

### **Kva er kreativ skriving?**

I skriveopplæringa har ein assosiert kreativ skriving med det å bruke fantasien i skriveprosessen, og blant anna språklege og litterære verkemiddel i teksten. Kreativ skriving har vore knytt til skjønnlitterære sjangrar som novelle, dikt, kåseri og essay. Men elevane møter ikkje lenger krav om sjangrar på eksamen, dei skal i staden velje mellom tre teksttypar der ein av dei er den kreative teksten.

### **Er kreativ skriving noko alle elevar kan halde på med?**

Mange elevar og lærarar tenkjer på kreativ skriving som noko berre enkelte elevar får til, og det er lett å tenkje at kreativitet også er noko som er knytt til at ein har særskilte kreative eigenskapar. Men vi tenkjer at kreativ skriving også kan lærast, ein kan øve seg i kreativitet.

### **Kvifor er kreativ skriving viktig i sidemålsdidaktikken?**

I forhold til nynorskundervisninga vil vi framheve den kreative skrivinga fordi det er ein god måte å lære språk på.

Elevane vert aktiviserte gjennom skriving. Dei må tenkje på ordforråd, grammatikk og tekstbinding.

Kreativ skriving førebur elevane til å leite etter nyansar i sitt eige språk, og det trur vi er ei viktig språkerfaring.

Dei må også jobbe med å ta i bruk nye ord og på denne måten kontinuerleg utvide ordtilfanget sitt.

### **Kreativ skriving kan hjelpe elevane til å forstå sjangrar og fagomgrep.**

Ein kan setje søkjelys på enkelte poeng ved ein kreativ tekst, til dømes diskutere fleire kreative innleiingar i klasserommet.

Har innleiingane fellestrekk? Kan ein på nokon måte sjå av innleiinga at ho er starten på ein kreativ tekst? I starten av ei novelle vil ein kanskje sjå etter verkemiddel som in medias res

eller frampeik? Å trene seg i deler av tekst kan setje søkjelys på kor viktig denne delen er for resten av teksten.

### **Korleis kan ein drive med kreativ skrivning i skulen?**

Det viktigaste er at læraren har ein klar idé om kva faglege poeng han har med den kreative skrivinga, ho må med andre ord ha eit formål.

Avgrensa og definerte skriveoppgåver gjer elevane trygge i sjølve skrivesituasjonen.

Som i all skriveopplæring er det viktig å førebu skriveoppgåva, med ei førebuingssfasa.

### **Vurdering og respons:**

Sidemålet treng ikkje alltid vere knytt til innleveringar eller vurderingssituasjonar.

Det er viktig at elevar innimellom kan skrive nynorsk utan at formverket alltid vert vurdert, slik kan elevane også få ei meir avslappa haldning det å skrive på sidemålet.

Men dersom ein vil ha ein vurderingssituasjon bør han vere utgangspunkt for selektiv respons. Ein kan be eleven sjå på formverket til medeleven sin, til dømes verb eller substantiv i teksten, eller innhaldsmessige trekk ved teksten.

Responsen bør først og fremst vere knytt til undervegsvurdering, slik at eleven gjer seg bruk av responsen han får til å forbetre teksten sin.

Gjennom å gjere klasserommet til eit tolerant tekstrom får elevane møte nynorsk i mange samanhengar. Ein lærer elevane språktoleranse og ein vert vane med å omtale andre sine tekstar med respekt og interesse.

### **Kreativ skrivning skal:**

Gi ei meir variert nynorskopplæring

Skal kombinere nynorskopplæring med andre deler av norskfaget

Skal brukast i samband med selektiv respons

Skal brukast i samband med undervegsvurdering

